



Hordaland Fylkeskommune

31 MAR 2016

Voss, den 30. mars 2016

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

### SØKNAD OM STØNAD TIL PROSJEKTET "SHADES OF FOSSEGRIMEN"

Denne søknaden vert sendt i papirform, fordi det etter mange forsøk ikkje lukkast å nyta den nettbaserte søknadsprosedyra til Hordaland fylkeskommune (ein kom ikkje inn i søknadsskjemaet på nettsida). Då ein av denne grunn ikkje fekk lest søknadsskjemaet, er det mogeleg at ein del ynskte opplysningar ikkje er komne med i denne søknaden.  
Gjer vel og ta kontakt dersom det er trond for meir opplysningar.

Orkesteret Fossegrimen har hatt status som regionalt symfoniorkester for indre kommunar i Hordaland sidan 1981 og har gitt tilbod om "levande" symfonisk musikk til publikum i vår del av fylket, gjerne med 6-10 offentlege konsertar og med 4-5 ulike program kvart år. Det kan nemnast at i denne perioden har orkesteret vitja rundt 20 kommunar i fylket ein eller fleire gonger, og det har også hatt konsertar i Rogaland og i Sogn og Fjordane. Orkesteret Fossegrimen si verksemeld skulle vera godt kjent ved Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune etter rikhaldig korrespondanse og mange kontaktar/møte gjennom åra.

For oversikt over orkesteret sin aktivitet i 2015 viser vi til vedlagde sesongprogramhefte for 2015-2016. Årsmeldinga for 2015 skal handsamast på orkesteret sitt årsmøte den 04.04.16 og vil bli ettersendt like etter det. Dei seinare åra har den musikalske utviklinga til Fossegrimen vore positiv med ein jamnt stigande kvalitet på konsertane og med eit stadig utvida og meir variert repertoar.

Den sesongen vi nå er inne i vert avslutta med konsert i Voss kulturhus søndag 5. juni med eit retteleg musikalsk cross-over prosjekt – "Shades of Fossegrimen" - der bandet *Shades of Blues* og Fossegrimen spelar saman. Truleg vil vi framføra dette prosjektet også andre stader i regionen på eit seinare tidspunkt.

Bandet *Shades of Blues* vart skipa i 1964 og var svært populært fram til rundt midten av 1970-talet med mange konsertar og ulike framføringer både i og utafor fylket vårt. Bandet er framleis aktivt med stort sett dei same musikarane som var med frå starten.

Musikkvalet i "Shades of Fossegrimen" er populære låtar frå 1960- og 1970-talet, arrangerte og tilrettelagde for dette prosjektet av Halldor Krogh, professor i filmmusikk ved Høgskolen i Lillehammer og musikkprodusent i NRK. Vi trur mange vil kjenna seg heime i den musikkforma som her vert presentert. For nærmere orientering viser vi til vedlagde prosjektomtale.

To av musikarane i *Shades of Blues* er profesjonelle, dei andre er amatørar, jfr. vedlagde orientering. I Fossegrimen vil det i dette prosjektet vera med rundt 40 musikarar, der 9 er innleigde profesjonelle musikarar. I tillegg er dirigenten Dagfinn Rohde og dei tre faste distriktsmusikarane profesjonelle.

Prosjektet med band og profesjonelle musikarar er kostnadsrekna til kr. 135.000, jfr. vedlagde budsjett. Til dette er å merkja at det er søkt om stønad frå Fond for Lyd og bilde, men svar føreligg enno ikkje. I prosjektbudsjettet er tatt med berre prøvene med bandet *Shades of Blues* og konserten 5. juni. I tillegg har orkesteret minst 5 faste prøver utan bandet og dei 9 innleigde profesjonelle musikarane, men med dirigenten og dei tre distriktsmusikarane. Kostnadene med desse prøvene går over orkesteret sitt faste driftsbudsjett (med stønader m. a. frå Voss kommune) og er ikkje tekne med i prosjekt-budsjettet.

Fossegrimen har som kjent slitt med trang økonomi i mange år. Rekneskapen for 2015 skal handsamast på orkesteret sitt årsmøte den 04.04.16 og vil bli ettersendt like etter det. Stønader frå Hordaland fylkeskommune og Voss kommune har vore avgjerande for den positive utviklinga som orkesteret har hatt gjennom åra. Vi vonar at dette vil halda fram også i åra som kjem.

Vi tillet oss å søkja Hordaland fylkeskommune om stønad - stor **kr. 50.000,-** - for gjennomføring av prosjektet "Shades of Fossegrimen".

På førehand takk.

Venleg helsing  
Orkesteret Fossegrimen

Peder Ringdal  
Styreleiar

Vedlegg:

Sesongprogramhefte 2015-2016.  
Prosjektomtale "Shades of Fossegrimen".  
Orientering om bandet *Shades of Blues*.  
Budsjett for prosjektet "Shades of Fossegrimen".